

Fra: Einar Kåre Ulla [Einar.Kare.Ulla@sfj.no]

Til: 'Frode Bøthun' [frode.bothun@gmail.com]

Kopi:

Sendt: 20.05.2016 14:47:07

Emne: SV: Søknad om gyldig forfall

Vedlegg:

Hei Frode

Dette er gyldig forfall, og er dermed godkjent.

Lukke til med eksamensavviklinga!

Med helsing

Einar Ulla

kontrollsjef, sekretariatet for kontrollutvalet

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Einar.Kare.Ulla@sfj.no

tlf: +47 57638051 | mob: +47 97190734

Fra: Frode Bøthun [mailto:frode.bothun@gmail.com]

Sendt: fredag 20. mai 2016 13:05

Til: Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@sfj.no>

Emne: Søknad om gyldig forfall

Hei

Eg ber med dette om å få godkjent gyldig forfall til møtet i kontrollutvalet 31. mai.

Grunnlaget er at dette er eksamensdag med eksamen i norsk hovudmål i vidaregåande skule (over heile landet). Det betyr at alle elevar i Vg3 skal ha eksamen denne dagen - det er altså den desidert største eksamensdagen.

Eg er eksamensansvarleg ved Sygna vidaregåande skule og har med dette delegert ansvar (frå rektor) for planlegging, gjennomføring og etterarbeid i samband med eksamen. Eg ser det som uheldig dersom eg ikkje kan vere tilstade denne dagen.

Det er mogeleg å gjennomføre eksamen utan eksamensansvarleg tilstade, men det er svært sårbart dersom det dukkar opp spørsmål i samband med gjennomføringa. Eg sit med oversikten og har dei rettane som skal til i udirett sitt prøvegjennomføringssystem dersom noko uføresett dukkar opp - noko det av og til gjer, særleg når mange elevar skal ha eksamen samtidig.

Eg melder dessutan forfall til politikardagen 30. mai. Dette med bakgrunn i at det er eksamen i norsk sidemål - ein langt mindre eksamensdag, men likevel med relativt mange kandidatar.

mvh

Frode Bøthun

1. vara til kontrollutvalet